



Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	24/25564 - 25/79809	Björn Gregull -	01.07.2025
2024/486	16.05.2025			
2				

Høringsuttalelse - Hustadvika kommune - kommuneplan - kommuneplanens arealdel 2025-2037 - varsel om andre gangs høring og offentlig ettersyn

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

INNLEIING

Hustadvika kommune har lagt fram forslag til kommuneplanens arealdel til nytt offentleg ettersyn.

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET OG KONSEKVENSGREIINGA

Planfaglege merknader

I utgangspunktet viser vi til merknadene vi hadde til første offentlege ettersyn.

Oversikta over endringane som blei gjort etter første offentlege ettersyn er oversiktleg og lett å orientere seg i. Kommunen skal ha ros for ryddige dokument. Det hadde vore ønskjeleg at alle relevante dokument for sektormyndigheitene hadde vore direkte lenka i brevet.

Plankart

Inndeling av planområda BA i fleire hundre små avgrensa område gjer planen svært vanskeleg å lese, sidan det er ein overordna plan som skal ha ein vesentleg lågare detaljeringsgrad enn ein detaljreguleringsplan. Hadde det vore knytt spesielle plan- eller andre krav til områda, ville det gjort planen langt meir oversiktleg, og nye område kunne lettare ha blitt identifiserte.

Det hadde òg vore ein fordel å definere sentrumsområda i Eide og Elnesvågen for å gi ei tydeleg avgrensing av det som skal vere handelssentrum. Å bruke overordna føremål bebygging og anlegg opnar for alle underføremål, og kan gi uheldige verknader i detaljprosessar og i dialogen med tiltakshavarar. Sjølv om kommuneplanens arealdel skal vere grovmaska, bør føremåla i lova nyttast for å gi betre oversikt over plassering av offentleg infrastruktur som skular m.m., og dermed gi eit betre grunnlag for vurderingar i framtidige prosessar.

Arealrekneskap

Kommunen viser i kapittel 8 til reserveareal for både bustadbygging og fritidsbustader. Samstundes viser kommunen til at forventa folketalsutvikling kan vere negativ fram mot 2050. Planframlegget og kunnskapsgrunnlaget heng difor ikkje saman. Det er naturleg at kommunen har tilgjengelege arealreservar for vidare utvikling, men med tanke på forventa utvikling er det ikkje tilrådeleg å leggje ut så mange nye bustadareal som det er gjort i framlegget til arealdelen.

Kommunen bør nytte høvet i arbeidet med kommuneplanens arealdel til å gå gjennom område som kjem i konflikt med særleg dyrkbar eller fulldyrka jord, og som ikkje har blitt utvikla sidan førre revisjon av kommuneplanens arealdel. Slike område bør vurderast med tanke på om det er føremålstenleg å ta dei ut av kommuneplanens arealdel.

Dette må sjåast i samanheng med statleg planretningslinje for klima og energi.

Statleg planretningslinje for klima og energi

Frå og med 20.12.2024 gjeld denne statlege planretningslinja. Kommunen omtalar ho i planomtalen til kommuneplanens arealdel på ein oppsummerande måte. Skildringa av planframlegget i punkt 7.7 er svært overflatisk i høve til krava.

I punkt 4.1 står det at kommunen skal nytte oppdatert kunnskap i si eiga samfunns- og arealplanlegging. Dette er grunnleggjande kunnskap som må innarbeidast i samfunnsdelen, men kommunen burde ha skaffa seg oversikt over dei punkta som er relevante for avgjerder i arealdisponeringa, til dømes karbonrike areal (4.1, e) og oversikt over lokale utviklingstrekk som kan føre til vesentlege endringar i klimagassutslepp og energibruk (4.1, q).

Punkt 4.3 i retningslinja omtalar korleis omsyna skal takast vare på i arealplanlegginga. Her ser vi at fleire av vala kommunen har gjort i planframlegget ikkje er godt nok opplyste, eller at dei inneber tiltak som strir mot målsetjingane.

Særleg når det gjeld punkt 4.3 bokstavane b, c, d, e, g, h, j, l (så langt det er mogleg i overordna plan) og m, har Hustadvika kommune ikkje oppfylt krava i den statlege planretningslinja. Vi må særleg peike på punkt 4.3 b, i samband med tilrettelegging for fleire bustadområde og område for fritidsbustader utan at det er vurdert om allereie avsette område som ikkje støttar opp under nasjonale klimamål skal byggjast ut.

Møre og Romsdal fylkeskommune har, med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og den statlege planretningslinja for klima og energi, **motsegn** til planen inntil skal-krava i avsnitt 4.3 er oppfylte, og det i tillegg ligg føre ei tydeleg vurdering av konsekvensar for nasjonale klimamål for eksisterande ubebygde område og nyavsette område.

Statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet

Planretningslina tredde i kraft 24.01.2025. Kommunen omtalar ho i planomtalen for kommuneplanens arealdel på ein oppsummerande måte.

I avsnitt 3 er det oppsummert retningslinjer som skal gjelde for heile landet, medan avsnitt 5 er tilpassa regionar med mindre tettstader.

Kommunen har i sine plandokument omtalt og teke omsyn til fleire av punkta. Kapittel 7 om areal- og transportplanlegging er svært overordna og passar eigentleg betre som eit avsnitt om målsetjingar med planen. Det manglar ei konkret skildring av tiltak og grep som kommunen har innarbeidd i planframlegget. Avsnittet er for generelt og skildrar ikkje sjølve planframlegget eller kva val Hustadvika kommune har teke.

Mot slutten av avsnittet om tettstadsutvikling blir kommunen meir konkret og omtalar kommunens tettstader og ønskja utvikling. Det manglar likevel ei skildring av konkrete grep i planen som skal støtte opp under den ønskje utviklinga.

Avsnittet om senterstruktur er meir konkret. Her blir dei seks tettstadene skildra, og det blir gjort greie for korleis utviklinga er tenkt. Det manglar likevel ei skildring av korleis arealdelen støttar opp under desse målsetjingane.

Møre og Romsdal fylkeskommune **rår til** at kapittel 7 i planomtalen blir omarbeidd slik at det blir meir konkret og beskrivande, og viser korleis planen vil leggje til rette for å nå målsetjingane.

Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet krev at fortettingspotensialet for fritidsbustader skal kartleggjast og utnyttast før det blir lagt til rette for utviding av eksisterande fritidsbustadområde eller utbygging av nye område (SPR avsnitt 3.5). Kommunen skriv at det er utbyggingspotensial i eksisterande planar, men vi kan ikkje sjå at det er gjort ei meir konkret vurdering. Samstundes har kommunen inkludert fem nye område langs kysten.

Møre og Romsdal fylkeskommune **forventar** at planomtalen blir supplert med ei meir grundig utgreiing av fritidsbustader i samsvar med SPR.

I samband med kravet om jordvern meiner fylkeskommunen at kravet er dekt gjennom motsegna vi fremjar i høve til SPR for klima og energi, og at vi ikkje fremjar motsegn med heimel i SPR for arealbruk og mobilitet.

Dyrkbar og fullyrka jord

Møre og Romsdal fylkeskommune uttalte ved første offentlege ettersyn at vi vil kome med motsegn dersom det ikkje går fram av planen kor mykje dyrka og dyrkbar jord som går tapt. Vi kan ikkje sjå at planomtalen inneheld ei ryddig og samla oversikt over dette. I kommuneplanens samfunnsdel har kommunen vedteke at «Jordvern skal vere førande for utviklinga av kommunen.» Arealdelen skal utviklast med utgangspunkt i samfunnsdelen og må vise korleis målsetjingane i samfunnsdelen blir følgde opp.

Kommunen har i KU-vedlegget oppdatert tabellen med tal for tap av LNF-område og område som blir frigitt. Dette er ikkje det same som å ha ei oversikt over dyrka og dyrkbar jord, sidan LNF-område òg kan omfatte andre arealtypar i følgje arealressurskartet. Det kjem heller ikkje fram kor mykje dyrka/dyrkbar jord som vil gå tapt i område som er vidareført frå førre arealplan og som no blir føreslått vidareført.

Møre og Romsdal fylkeskommune har, med heimel i plan- og bygningslova § 5-4, Fylkesstrategi for landbruk for Møre og Romsdal 2023–2026 og den nasjonale jordvernstrategien, **motsegn** mot planframlegget inntil det inneheld ei oversikt over dyrka og dyrkbar jord som vil gå tapt som følgje av nye utbyggingsområde og område frå tidlegare planar som enno ikkje er utbygde.

Tettstadutvikling

Møre og Romsdal fylkeskommune vedtok i 2023 "Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026". Strategien er ein del av den overordna fylkesplanen, og bygger opp under fylkesplanmålet om at byar og tettstader skal tilby gode bumiljø, gode offentlege rom, attraktive arbeidsplassar, eit variert kultur- og tenestetilbod og miljøvenleg transport.

Fylkesstrategien har retningslinjer om lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar:

«Lokalisering av publikumsretta sentrumsfunksjonar som handel, service, offentleg og privat tenesteyting, kultur- og aktivitetstilbod, samt bedrifter med mange kontorarbeidsplassar, skal skje i sentrumskjerna, nær kollektivknutepunkt. «10-minuttersbyen» skal gjelde som prinsipp. Fråvik frå dette skal bli grunngjeve. Dersom det likevel blir vurdert å etablere slike funksjonar utanfor sentrumskjernen, skal konsekvensar for sentrumsområde og etablert handel og service gjerast greie for.

Slike etableringar bør vere ein del av ein større plan for området. Dersom nytt eller utvida bruksareal (BRA) er større enn 1500 kvm, skal verknadane bli analysert gjennom ein handelsanalyse. Fylkeskommunen skal utforme retningsgivande mal for slike analyser»

«Viss kommuneplanen legg opp til nye senterområde, må det gjennomførast ei handelsanalyse som følger malen for reguleringsplan og tiltaksnivå (kap. 3.2), jamfør forskrift om konsekvensutgreingar § 18, 1. ledd»

Ved 1. gangs høyring hadde vi **motsegn** til planen inntil kommunen definerer konkret avgrensing av detaljhandel i samsvar med regional plan. Vi viste i same brev til «Rettleiar for utarbeiding av handelsanalyse» som gjer greie for korleis og når slike analyser skal utarbeidast.

Hustadvika kommune har tatt inn retningsline om utarbeiding av handelsanalyse med slik ordlyd: «*Detaljhandel og tjenester skal lokaliseres i tråd med Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026, og Statlege planretningsliner for samordna areal – bustad og transportplanlegging. For tiltak som ikke er i tråd med fylkesstrategiens bestemmelser vises til Rettleiar for utarbeiding av handelsanalyse.*

Forretningsområda FOR 9 Malmefjorden – Holamyra og FOR 8 Helset-Jendem utfordrar arealgrensene for nytt handelsareal utanfor den regionale senterstrukturen slik han er definert i regional plan. Behovet for nytt handelsareal er ikkje tilstrekkeleg vurdert og konsekvensutgreidd etter krava i "Fylkesstrategi for attraktive byar og tettstader 2023-2026" nærare omtala i [Rettleiar for handelsanalyse](#). Storleiken på areala sett av til forretning og retningslina for etablering og utgreiing av handelsareal gjer planen uklår og krevjande å praktisere. Konkret avgrensing av detaljhandel er ikkje i tråd med regional plan. Vi opprettheld vår **motsegn** til planen.

Samferdsel

Endra arealbruk og fylkesvegnettet

Vi vil presisere at det er ingen automatikk i at område med direkte tilkomst frå fylkesvegane, og som blir frigitt til utbygging gjennom kommuneplanen, kan etablere nye kryss eller avkøyrslar til fylkesvegane. Der det er mogleg bør ein søke å samordne avkøyrslar, slik at ein kan nytte eksisterande avkøyrslar. Ein må likevel rekne med å måtte utbetre desse som følgje av auka/endra bruk. Dette må vurderast i reguleringsplan eller ved behandling etter veglova.

For å ta vare på omsynet til trafikktryggleik kan det derfor seinare bli stilt rekkefølgeføresegn om tiltak i ein reguleringsplanprosess. Døme på slike tiltak kan vere utforming av kryss, trygge ganglenker, busshaldeplass og trygge kryssingspunkt over fylkesvegen. Generelt sett vil det vere den part som utløyser behov for tiltak på/langs fylkesvegnettet som vil måtte ta denne kostnaden.

Ny rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg tredde i kraft frå 01.09.2020 og vil vere rettleiande for haldningane Møre og Romsdal fylkeskommune vil praktisere ved behandling av både avkøyrselssaker og byggegrensesaker. Vi minner om at sjølv om det kan vere unntak frå søknadsplikt etter plan- og bygningsloven, jf. føresegna i kommuneplanen, kan tiltak vere søknadspliktig etter veglova eller eventuelt vere avhengig av dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Vevang, Hågå, Gbnr. 129/237 og 129/164: Fritids- og turistføremål

Vi registrerer at arealet er tatt ut av kommuneplanen i tråd med våre merknader. Arealet skal som avtalt inngå i kommunedelplan for Atlanterhavsvegen, og reviderast på eit seinare tidspunkt. Dette er i tråd med våre tidlegare tilrådingar. På grunnlag av dette kan vi **trekkje motsegn** til arealføremål på eigedomane gbnr. 129/164 og 129/237.

Bud – Bergset/Fagervika, Gbnr. 104/1: Fritids- og turistføremål

Eigedomen gbnr. 104/1 er føreslått med arealføremål fritids- og turistføremål. Vi må poengtere at denne eigedomen ikkje har tilkomst frå offentlig veg. Fylkesveg 6060 er kategorisert i haldningsklasse «streng». I denne haldningsklassen skal talet på avkøyrslar til vegane vere svært avgrensa. Nye avkøyrslar bør ikkje godkjennast utan at det ligg føre stadfesta reguleringsplan som godkjenner ei slik løysing. Val av stad for avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga. Møre og Romsdal fylkeskommune er derfor skeptiske til ein ny avkøyrslar frå fylkesvegen på denne strekninga. I tillegg vil vi krevje opparbeiding av parkeringsareal og snuplass, slik at fylkesvegen ikkje blir nytta til parkering, rygging og manøvrering. Vi varslar allereie no at slike tiltak kan vere svært arealkrevjande, og at slike tiltak kan kome i konflikt med andre interesser i området.

Fræneidet, gang- og sykkelveg langs fylkesveg 64, ved Gbnr. 56/192 og 52/18

Som vegeigar av fylkesveg 64 må vi minne om at vi dessverre ikkje kan planlegge eller gjennomføre tiltaket utan at det er prioritert i fylkeskommunen sitt investeringsprogram og det er sett av midlar i gjeldande økonomiplan.

Malmefjorden – gartneritomt ved Kolbergvegen, Gbnr. 63/6: Bustad

Møre og Romsdal fylkeskommune ved fylkesvegavdelinga viser til vår tidlegare fråsegn om denne eigedomen datert 20. mai 2021. Det var bedt om ei førehandsvurdering i samanheng med å etablere bustader/eldretun på eigedomen. Vi varsla den gangen at det truleg vil bli stilt krav om fortau/trafiksikker løysing for mjuke trafikantar langs fv. 6052 frå eigedomen gbnr.

63/6 og fram til eksisterande gang- og sykkelveg langs fv. 64 på bakgrunn av trafikktryggleik. Vår vurdering er framleis gjeldande i samband med etablering av bustader på denne eigedomen.

Automatisk freda kulturminne

Manglande kartfesting for automatisk freda kulturminne

I førre høyring varsla vi motsegn inntil dei 85 manglande, automatisk freda kulturminna vart kartfesta i plankartet. Dei fleste er no på plass, men 13 av dei 85 manglar framleis. Fleire av dei ligg på holmar som ikkje har arealformål i plana. Vi beheld **motsegn** inntil alle automatisk freda kulturminna er kartfesta:

- Gravfelt ID 47854 Gjendembukta gbnr 35/1
- Gravfelt ID 27838 Store Kjelholmen gbnr 32/4
- Gravrøys ID 162066 gbnr 32/4
- Gravrøys ID 57600 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 74448 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 162100 R3 gbnr 33/2
- Gravrøys ID 37786 Langøya gbnr 32/75
- Gravfelt ID 8453 Langøya gbnr 32/75
- Gravfelt ID 18248 Naustneset gbnr 32/26 – har fått kartfesting, men feil geometri
- Busettings-aktivitetsområde ID 304866 gbnr 12/6
- Gravrøys ID 7382 Teistholmen
- Busettings-aktivitetsområde ID 106465 gbnr 153/1
- Busettings-aktivitetsområde ID 106465

Ergan kystfort

Omsynssone for Ergan kystfort er oppdatert og kartfesta.

Kyrkjer og kyrkjegardar

Omsynssone for Vågøy kyrkje ID 85881 har no fått riktig omsynssone H570 i kommuneplanen.

Bud kyrkje er listeført og skal ha omsynssone H570. Bud mellomalderiske kyrkjegard er kartfesta, men manglar omsynssone H730. Den har no omsynssone H570. Kyrkjegarden og kyrkja har no ei og same kartfesting/omsynssone.

Haukås-Eidem B157

Det ble tidlegare varsla motsegn til plana inntil arealkonflikten med reguleringsplanen og busettings-aktivitetsområde kulturminne-id 162258 vart løyst. Heile kulturminnet skal ligge i vern med grøntområde i kartet. Halve lokaliteten ligg framleis innanfor område avsett til busetnad og anlegg. Vi beheld **motsegn** inntil konflikten er løyst.

Landskap og kulturminne frå nyare tid

Planomtale avsnitt 7.11:

Det manglar framleis ein omtale av kva omsyn «Utvalgte kulturminner og kulturmiljø fra nyere tid» skal ha i planen. Det står berre at «Kommunene er oppfordra til å ta inn oversikten over kulturminne og kulturmiljø av regional og nasjonal verdi i kommuneplaner og detaljplaner.» Vi oppfordrer til at det leggst inn ei setning om at «Disse kulturminnene og kulturmiljøa får hensynssone H570, bestemmelser som styrer hvordan nye bygg skal tilpasses i disse områdene og retningslinjer som sikrer bevaring». Avsnittet om «Kulturlandskap» er godt formulert og kan brukes som mal.

Lokalt viktige kulturmiljø er ikkje omtalt i planen, og vi saknar ei setning om ein ny kulturmiljøplanen som er under arbeid.

Føresegner og kart:

Kvitholmen og Teistklubben har fått omsynssone H570. Det er riktig, men i tillegg skal dei vedtaksfreda bygningane ha omsynssone H730.

I planforslaget er det no lagt inn føresegner om kulturlandskap, og vi vi trekker den varsla motsegna.

Om riving av ikkje freda, men verneverdige bygningar av regionale verdi:

Kommunen sin heimel til å avslå riving av bygningar, må leggst inn som ei føresegn og vedtakast i arealplan ettersom byggesaksreglane ikkje gir heimel til å avslå riving, sjå uttale første gongs høyring. No er dette lagt inn som ei retningslinje. Vi **oppmodar** om at den siste retningslinja i paragraf 3.4 i føresegnene blir supplert med «Bestemmelser om at bygningene/kulturminnene ikke kan rives, legges inn i kommunedelplan eller reguleringsplan.»

KONKLUSJON

Grunngivinga og detaljane går fram av merknadsteksten.

Møre og Romsdal fylkeskommune **har eller opprettheld følgjande motsegn** til planframlegget:

- Avgrensing av detaljhandel i samsvar med regional plan
- Felt B157 må setjast av til vern som grøntområde i plankartet
- Kartfesting av desse kulturminna:
 - Gravfelt ID 47854 Gjendembukta gbnr 35/1
 - Gravfelt ID 27838 Store Kjelholmen gbnr 32/4
 - Gravrøys ID 162066 gbnr 32/4

- Gravrøys ID 57600 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 74448 Langøya gbnr 33/2
- Gravrøys ID 162100 R3 gbnr 33/2
- Gravrøys ID 37786 Langøya gbnr 32/75
- Gravfelt ID 8453 Langøya gbnr 32/75
- Gravfelt ID 18248 Naustneset gbnr 32/26 – har fått kartfesting, men med feil geometri
- Busetjings-/aktivitetsområde ID 304866 gbnr 12/6
- Gravrøys ID 7382 Teistholmen
- Busetjings-/aktivitetsområde ID 106465 gbnr 153/1
- Busetjings-/aktivitetsområde ID 106465
- Manglande oversikt over dyrka/dyrkbar jord som skal byggjast ned
- Manglande oppfølging av skal-krava i SPR for klima og energi, med tydeleg vurdering av område i høve til regionale og nasjonale klimamål

Møre og Romsdal fylkeskommune **trekkjer følgjande motsegn** til planframlegget:

- Vevang/Håga (fritids- og turistføremål)
- Kartfesting av 72 automatisk freda kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune har faglege råd knytt til følgjande område:

- Supplering av retningslinje i § 3.4
- Supplering av kapittel 7.11 i planomtalen
- Bud mellomalderkyrkjegard manglar omsynssone H730
- Supplering av dokument innan temaet fritidsbustader
- Omarbeiding av kapittel 7 i planomtalen

Med helsing

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Ingunn Bekken Sjøholm
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

